

Draumeplass konkurransen 2018

Kva kan ein vinne?

Fem nye vinnarar skal kårast og vil få tildelt 100 000 kr og få prosjekthjelp til å realisere ein naturmøteplass i sitt lokalsamfunn gjennom 4H sin konkurranse Draumeplassen som er støtta av Gjensidigestiftelsen. Søknadsfristen er 15.mai 2018.

Kven kan vinne?

Det er berre lokalmiljø i Sogn og Fjordane som kan søke. Alle lokale organisasjonar og lag kan sende inn sin søknad. Det er positivt om prosjektet har fleire samarbeidspartnarar.

Kva er ein naturmøteplass?

Naturmøteplassane er eit samlingspunkt i naturen som skal være opent for alle. Her skal ein kunne få gode naturopplevingar. Desse plassane vert lagt til rette for at alle skal få lære å bruke naturen og verte glad i den slik den er, heilt naturleg.

Ein kan godt seie at naturmøteplassane er friluftsversjonen av ballbingane. Du treng ikkje å gå på dei høgaste toppane eller setje av heile dagar eller investere i dyrt utstyr for å få gode naturopplevingar. Utan for mykje førebuingar kan du og familien din stikke bort på naturmøteplassen på ein vanleg ettermiddag og ha det kjekt ilag.



DRAUMEPLASSEN I DAVIK, BREMANGER.



BREKKA, GLOPPEN.



BLIKSVÆR, BODØ.



TROLLØYANE, BALESTRAND.



FORTUN, LUSTER.



MOBIL NATURMØTEPLASS



FRESVIK, VIK.



LOEN, STRYN.



HOPLAND, STRYN.



INSTEDALEN, NAUSTDAL.



NAVESTØYLEN, EID.



HOLSEN, FØRDE.



FORTUN, LUSTER.



STEINHOVDEN, FLORA.



SVIDALSNESET, JØLSTER.



VIKSDALEN, GAULAR.

Kor kan ein finne desse naturmøteplassane?

I dag finst det 50 naturmøteplassar spreidd over heile Sogn og Fjordane i regi 4H. Målet vidare er å skape fleire nye naturmøteplassar, samt bidra med vidareutvikling av dei som allereie er etablert. Ein kan sjå gode eksempel på eksisterande prosjekt på nettsida www.naturmoteplass.no

Korleis går me fram?

Vi tilrår at du set deg godt inn i [prosjektpakka](#) som er nemnt på nettsida, slik at du får ein god plan for korleis man skal få realisert draumane sine. Her ligg det tidlegare erfaringar og nyttige verktøy som vart delt gjennom nettsida. Nettsida er laga etter dei behova dei frivillige har møtt gjennom dei ulike prosjekta som vart realisert tidlegare, og innhaldet er konkret og enkelt å bruke. På nettsida kan ein finne inspirasjon til ulike typar naturmøteplassar, prosjektplanar, byggepakkar og teikningar, innføring i offentleg saksgang, samt vidareutvikling av prosjektet.

Kriteria me vurderer søknadane etter

- Barn og unge skal vere aktive i heile prosessen.
- Plassen skal kunne brukast av alle som vil.
- Plassen må vere i Sogn og Fjordane.
- Søkjarar må dokumentere prosessen gjennom tekst og bilete.
- Me vektlegg skildringar som viser omtanke for naturen.
- Me vektlegg plassar som er eigna som læringsarena for natur og miljøaktivitetar.
- Me vektlegg søknadar som inkluderer turveg/turstiar og fysisk aktivitet.
- Me vektlegg kreativitet og nytenking.
- Me vektlegg tilgjengelegheit og framkomstmoglegheiter for alle.

Dette må søknaden innehalde

- | | |
|--|-----------------------|
| 1. Kven er hovudsøkjar (Organisasjon/lag)? | Beskriv |
| 2. Kven er med-søkjarar? | Beskriv |
| 3. Kontaktperson for prosjektet | Beskriv |
| 4. Har ideen blitt lufta med grunneigar? | Ja/Nei |
| 5. Har de inngått avtale med grunneigar? | Ja/Nei |
| 6. Kva slags plass er det snakk om? | Ny plass/vidareføring |
| 7. Er det opparbeida tursti? | Ja/Nei |
| 8. Korleis ser plassen ut no? | Beskriv |
| 9. Kva tenkjer de at den kan bli? | Beskriv |
| 10. Korleis vil ein involvere barn og unge? | Beskriv |
| 11. Kven skal bruke plassen? | Beskriv |
| 12. Aktuelle samarbeidspartar/ressurspersonar som vil bidra? | Kven |
| 13. Framdriftsplan | Beskriv |

Søknaden kan sendast inn til draumeplassen.sfj@4h.no frå 01.02.18.

Søknadsfrist er 15.05.2018.

For ytterlegare informasjon, ta gjerne kontakt med:

Åge Avedal – Regionleiar 4H Nordvest
Tlf.: 960 96 775
E-post: age.avedal@4h.no